

Helse og omsorg

Treng du hjelp i kvardagen?

Informasjon

til deg som treng helse-
og omsorgstenester
med vedtak





Ein del helse- og omsorgstenester må ein søkje om å få. Tildeling skjer utifrå ditt hjelpebehov.

Kommunen ønskjer at alle innbyggjarane skal få flest mogleg gode leveår, og at ulikskap i helse og levekår vert redusert.

Helse- og omsorgstenestene skal planleggjast langsiktig og heilskapleg. Vi skal bruke kompetanse og ressursar på ein fleksibel og tenleg måte, slik at innbyggjarane får **rette tenester på rett nivå**.

Eit likeverdig tenestetilbod er viktig, og vi legg vekt på at kvar enkelt får tenester som samsvarar med dei behova ein har. Gjennom samarbeid og gjensidig tillit skal tenestene bidra til auka livskvalitet og eigenmeistring, med mål om at flest mogleg kan bu heime lengst mogleg.

Tildeling av tenester


Ein del helse- og omsorgstenester må ein søkje om å få. Tildeling skjer utifrå kva hjelpebehov ein har. Stad kommune har ein **tenestestandard** for tenester i helse og omsorg. Standarden gjev informasjon om dei ulike helse- og omsorgstenestene, og målet er å skape ei felles forståing for nivået på tenestene som vert gjevne.

Du finn søknadsskjema og tenestestandarden på www.stad.kommune.no.

Stad kommune har ei eiga tildelingsnemnd som består av kommuneoverlege, kommunalsjef for helse og omsorg, einingsleiar for heimetenesta, helseavdelinga, institusjonane og bu- og miljøtenesta. Nemnda har faste møter kvar veke, der alle søknader om helse- og omsorgstenester blir drøfta før vedtak blir fatta.

Har du spørsmål om søknadsprosess eller vedtak, kan du ta kontakt med ein sakshandsamar.

Helsetrappa i Stad kommune



Innbyggaren – ansvar for eiga helse

God kvardag i eige liv: Ver saman med andre, i nære relasjonar og i sosiale nettverk - Ver med i givande aktivitetar
Klare seg så godt som mogeleg, så lenge som mogeleg: Ta i mot hjelp frå andre, bruk hjelpemiddel og velferdsteknologi

Lokalsamfunnet – aktørane er viktige for å fremme helse i nærmiljøet

Helsefremmande innsats som bidrar til eit godt og inkluderande samfunn
Helsefremmande aktivitet skapt av eit engasjement og gjennom samskaping mellom fleire aktørar

*Aktørar:
innbyggjarar, frivillige, lag og organisasjonar, næringsliv, kommune, andre offentlege aktørar, m.fl.*

Kommunale helsetenester: Aukande behov for støtte – ressursinnsats – spesialiserte helsetenester

Kommunale helsetenester: Aukande grad av vedtaksbaserte helsetenester

Sjå forstørtra modell side 7.

Meir informasjon og kriterium for tildeling av dei ulike tenestene finn du i **tenestestandarden** vår på www.stad.kommune.no
Scan QR-kode under:



Eigenmeistring og val av tenester


Stad kommune har fokus på eigenmeistring. Målet er at du som innbyggjar skal kunne halde oppe funksjonen din og vere så sjølvstendig som mogleg i kvardagen.

Det betyr at kommunen alltid vurderer andre løysingar før vi tildeler kommunale helse- og omsorgstenester.


Velferdsteknologi og hjelpemiddel

Velferdsteknologiske løysingar og hjelpemiddel blir alltid vurdert først. For mange kan dette gi god tryggleik og støtte i kvardagen – utan at du treng tradisjonelle tenester. Døme på slike løysingar er:

lokaliseringsteknologi (GPS), elektronisk medisindispensar, døralarmar, rørslesensor, oppfølging gjennom eigenmålingar og nettbrett med meir.



Tryggleiksalarm



Oppfølging på nettbrett



Oppfølging eigenmåling



Medisindispensar

Utlån og søknad om hjelpemiddel

Kommunen har hjelpemiddel til korttidsutlån. Dersom du treng eit hjelpemiddel over lengre tid, kan kommunen hjelpe deg med å søkje vidare.

Spørsmål og rettleiing

Du finn meir informasjon om hjelpemiddel og korleis dei kan brukast på:

www.stad.kommune.no

Du kan også kontakte oss direkte:

57 88 58 00 (sentralbord)

Kva treng du hjelp til?

Treng du hjelp til medikament-handtering?

Ditt lokale apotek tilbyr privat multidose. Før kommunen kan innvilge tenester, blir det alltid gjort ei vurdering av om du kan nytte dette tilbodet. Dersom du treng dagleg utlevering av medisinar, vil elektronisk medisindispenser bli prøvd ut.

Treng du hjelp til kompresjons-strømper eller auggedrårpar?

Hjelpemiddel som *strømpepåtreakkar* og *droppy* kan hjelpe deg å meistre desse oppgåvene sjølv. Spør ditt lokale apotek om rettleiing og bestilling.

Treng du hjelp til å lage middag?

Kommunen tilbyr middagsombringning til personar som treng bistand for å ivareta sitt ernæringsbehov. Ernæringskartlegging utført av kommunen er eit vurderingsgrunnlag for om du oppfyller krava til tenesta. I alle søknader om middagsombringning blir det òg vurdert om ferdigmiddag frå butikk kan dekke behovet.

Treng du hjelp til å blodprøver, injeksjonar eller sårstell?

Det blir alltid vurdert om du kan reise til legekantoret for å få utført desse oppgåvene, eller om det er mest føremålstenleg at dei blir gjennomført som helsehjelp i heimen.

Treng du hjelp til auka sosial kontakt?

Fritidskontakt har som mål å bryte isolasjon og fremje sosialt samvær. Ordninga er i hovudsak meint som ei støtte i starten, slik at du etter kvart kan delta i aktivitetar på eiga hand. I alle søknader blir det vurdert om andre tilbod kan bidra til sosial deltaking, til dømes Røde Kors sin besøksvenn eller aktivitetar gjennom Frivilligsentralen. *Sjå meir info neste side.*

Ønskjer du ein besøksvenn?

Ein besøksvenn kan kome heim til deg for ein prat, ein kaffikopp eller ein tur. Tilbodet gjeld for både unge og eldre, uavhengig av bustadform. For meir informasjon, ta kontakt på **478 60 806**.



Eid Frivilligsentral og Selje Frivilligsentral

har god oversikt over møteplassar, aktivitets-tilbod og frivillige organisasjonar i Stad. I tillegg tilbyr frivilligsentralane eigne aktivitetar og har mykje spanande som skjer i lokala sine.

Her er det mykje kjekt å vere med på! Det finst ei rekkje møteplassar og organisasjonar som gjerne vil ha med akkurat deg i si aktivitet.

Ta kontakt med din lokale frivilligsentral for meir informasjon:

Eid Frivilligsentral (Eidsgata 9 - Nordfjordeid) tlf. 41460042

Selje Frivilligsentral (Nabben 80 - Selje) tlf. 95869223

Kva hjelpebehov har du?

Helse og omsorg i Stad kommune utfører vedtaksbaserte tenester.

Det vil sei at ein må søkje om tenester ut i frå hjelpebehov, og teneste utfører ikkje akutte oppdrag. Dersom du treng legetilsyn ber vi deg kontakte:

- Fastlegen din
- Legevakt på telefonnummer 116 117
- Ambulanse på telefonnummer 113 dersom du treng akutt helsehjelp




Sakshandsamarartemet


Har du spørsmål vedrørende tildeling av helse- og omsorgstenester? Sjå www.stad.kommune.no eller ring 948 16 515 for å snakke med ein sakshandsamar.

Helsetrappa i Stad kommune


Trinn 1
Innbyggaren klarer seg sjølv med informasjon, råd og rettleiing




Eigen bustad




Trinn 2
Innbyggaren klarer seg sjølv med nokre kommunale tenester




Omsorgsbustad
Eigen bustad




Trinn 3
Innbyggaren klarer seg med heildøgns tilgjengelege kommunale tenester




Omsorgsbustad
Eigen bustad



Trinn 4
Innbyggaren har behov for omfattande kommunale tenester



Institusjon
Omsorgsbustad
Eigen bustad



Innbyggaren – ansvar for eiga helse

God kvardag i eige liv: Ver saman med andre, i nære relasjonar og i sosiale nettverk - Ver med i givande aktivitetar
Klare seg så godt som mogeleg, så lenge som mogeleg, så lenge som mogeleg: Ta i mot hjelp frå andre, bruk hjelpemiddel og velferdsteknologi

Lokalsamfunnet – aktørane er viktige for å fremme helse i nærmiljøet

Helsefremmande innsats som bidrar til eit godt og inkluderande samfunn
Helsefremmande aktivitet skapt av eit engasjement og gjennom samskaping mellom fleire aktørar

Aktørar:
innbyggjarar, frivillige, lag og organisasjonar, næringsliv, kommune, andre offentlege aktørar, m.fl.

Kommunale helsetenester: Aukande behov for støtte – ressursinnsats – spesialiserte helsetenester

Kommunale helsetenester: Aukande grad av vedtaksbaserte helsetenester



STAD
A
●



Stad kommune

post@stad.kommune.no
www.stad.kommune.no